



Direktoratet for
mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Postboks 3021 Lade
7441 Trondheim

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard		
Søknr. Dok.nr	14/01969-1	
Seccode	23 DES. 2014	Saksnr. 15
Søknadsnr.	KB 298/14	

Søknad om driftskonsesjon

(sjå minerallova kap. 8 og § 1-8 i forskrift til minerallova)

1. Opplysningar om søkjar (som har utvinningsrett til førekomsten)

Namn på søkjar eller på bedrifta		organisasjonsnummer (9 siffer)
Rolf Lie		970392386
Adresse	Postnr.	Stad
Li	6873	Marifjøra
Telefon	Mobiltelefon	e-post
57687406	91199081	rolfli2@online.no

2. Opplysningar om området det blir søkt om - konsesjonsområdet

Namn på området	Gards- og bruksnummer det vedkjem	Kommune
Steinbrot Lie	Gnr 123 bnr 3	Luster
Anslag areal det gjeld (daa)	Anslag totalvolum (m3)	Forventa årleg uttak (m3)
Steinbrot: 25,4 da	Ca 210 000 m3 (fast fjell)	6 -8 000 m3

- 2.1 Tilhøyrrer førekomsten mineral kategorien grunneigars mineral? Ja Nei
- 2.1.1 Blir det drive på førekomsten i dag? Ja Nei
- 2.2 Tilhøyrrer førekomsten mineral kategorien statens mineral? Ja Nei
- 2.2.1 Blir det drive på førekomsten i dag? Ja Nei

Skildring av førekomsten (type råstoff, kvalitetsvurdering og føremål for bruk av råstoffet).

Etter NGU sin berggrunnsundersøking skal førekomsten hovudsakleg innehalda kvarts-diorittisk til granittisk gneis. Prøvetaking syner tonalittisk til granittisk gneis. Det meste av materialet vert levert til natursteinmur og elveførebygging. Det som ikkje eignar seg til dette føremålet vert knust ned til pukk og grus. Desse fraksjonane vert for det meste omsett til privatpersonar og entreprenørar i samband med byggeverksemd.

3. Forholdet til plan- og bygningslova (pbl.)

3.1 Er området sett av til område for råstoffutvinning i kommuneplanens arealdel? Ja Nei

3.2 Finst det ein godkjend reguleringsplan for konsesjonsområdet? Ja Nei

Dersom ja:

3.2.1 Skriv namn på planen og vedtaksdato:

Steinbrot Lie, 16.11.2006, sak 009/06

Dersom nei:

3.2.2 Er det varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for området? Ja Nei

3.2.3 Er det gjev dispensasjon frå pbl. for området? Ja Nei

4. Obligatoriske vedlegg til søknaden (sjå kommentarar side 1-2)

4.1 Dokumentasjon av utvinningsrett til førekomsten.

4.1.1 For grunneigars mineral: Kopi av signert grunneigaravtale

4.1.2 For statens mineral: Før opp rettsnummeret(a)

4.2 4.2.1 Oversiktskart - utsnitt av kart (M 1: 50 000) som viser kvar det ligg.

4.2.2 Kart som viser konsesjonsområdet

4.3 Skildring av driftsorganisasjon for uttaket (inkludert ein kort firmapresentasjon)

4.4 Utkast til driftsplan (inkludert avslutningsplan).

- 4.5 4.5.1 For nye uttak: Driftsbudsjett for uttaket for dei 3 fyrste driftsåra.
4.5.2 Igangverande uttak: Godkjent årsrekneskap for siste to år.
- 4.6 Dokumentasjon av bergfagleg og annan teknisk kompetanse i organisasjonen.
- 4.7 Forslag til økonomisk tryggleik for garanti og oppryddingstiltak etter drift.
- 4.8 Adresseliste over naboar / særleg partar det gjeld.
- 4.9 Dokumentasjon på at behandlingsgebyret er betalt.
Kontonummer: 7694.05.05883
Gebyret er kr. 10.000.
Dersom søknaden gjeld uttak som krev konsekvensutgreiing etter *forskrift om konsekvensutredningar (26.juni 2009 nr 855)*, er gebyret kr. 20.000.
- Merk innbetalinga med "Driftskonsesjon" og kven som søker, sjå pkt.1.

5. Eventuelle tilleggsopplysningar

Direktoratet for mineralforvaltning kan krevje fleire opplysningar dersom ein finn det naudsynt for behandling av søknaden.

Stad: Marifjøra

Dato: 12-12-14

Underskrift: 

Steinbrot Lie i Luster kommune

Konsesjonsområde oppdatert pr 15.09.2016

Lifossen

740
Steinbrot
Lie
● 39 Daa

Tegnforklaring

- ★ Gruvesikring Åpninger
- ▬ Gruvesikringsregister
- KonsesjonsOmråder
- Eiendomsgrense
- GeocacheBasis

0 0,05 0,1 0,2 Kilometers

1:1 500



Bilete frå sommaren 2015

Oppdatering driftsplan for **Steinbrot Lie**

Datert: juni/august 2016

Innhald

Reguleringsplanomtale	side 2
Driftsplan for Steinbrot Lie, oppdatering tekstdel.....	side 2
Oversiktskart1	side 5
Oversiktskart2	side 6
Utskrift gardskart.....	side 7
Situasjonsplan, teikning	side 8
Oversikt etappar, teikning	side 9
Reguleringsplan, kartdel	side 10
Profiloversikt, teikning	side 11
Profilar 1 -8 teikning	side 12
Profilar 9 -15 teikning	side 13
Tillegg/informasjon august 2016.....	side 14-16

Reguleringsplan for steinbrot Lie.

Reguleringsplanen for Steinbrot Lie vart vedteken av Luster kommunestyre i møte den 16.11.06, sak 0092/06. Planen vert ikkje lagd ved den oppdaterte driftsplanen, då den er innsend tidlegare. Sjå vedlegg til driftsplan datert 03.12.2009.

Driftsplan for Steinbrot Lie, oppdatering

Det vert synt til driftsplanen for steinbrotet datert 03.12.2009.

Eigedomstilhøve

Det vert synt til vedlagd utskrift frå Norsk Institutt for Bioøkonomi (NIBIO) datert 18.06.2016 der dei fleste teigane under gnr. 123 bnr. 3 er synte. Som det går fram av oversikten er Rolf Lie eigar av tilgrensande areal på austsida av steinbrotet og på nordsida av den kommunale vegen «Liarmen». Utskrift av grunnboka for eigedomen 1426_123_3 vert ikkje lagd ved, men kan kontrollerast i Statens Kartverk sitt eigedomsregister.

Driftsomtale generelt

Det vert synt til reguleringsføresegnene i reguleringsplanen - § 3, spesialområde. Desse vert ikkje gjengjevne då reguleringsplanen er innsend tidlegare.

- a. I den delen av steinbrotet som har vore tekne ut massar etter 2009 har det også vore avgrensa djupn på humuslaget og såleis også avgrensa mengder avdekkingsmassar. Overskotsmassane utover bruken innanfor planområdet er lagd til sides og er planlagd nytta som jordforbetring på eigaren sine jordbruksareal.
- b. I driftsplanen frå 2009 var det rekna med eit årleg uttak av 5 – 10 000 m³ fast masse årleg. Uttaket har i snitt vore vel 8 000 m³ fast masse dvs. eit uttak på vel 40 000 m³ fast frå 2009 fram til sommaren 2015.
- c. Steinbrotet er delt opp i 3 område som refererer seg til botnnivå. Område 1 er nivå på ca cote 206,5, område 2 er på ca cote 214,5 og område 3 på ca cote 225,5.
- d. I område 1 og 2 gjenstår ca 30 000 m³ fast masse.
- e. Uttaket i område 3 er enno ikkje påbegynt, men vert starta opp sannsynlegvis i 2017. I dette området kan takast ut ca 60 000 m³ fast masse.


Driftsomtale spesielt

- f. Det har vorte nytta ei pallhøgde på 8 m i steinbrotet. Drifta i kvart område startar på toppen ved tilkomst via interne vegar delvis lagd på eksisterande terreng og delvis bygd opp med uttekne skrotmassar.
- g. Det har hittil synt seg mest praktisk og økonomisk å driva den første delen av steinbrotet med botnnivå på ca cote 207. Nytt angrepspunkt er påbyrja på toppen av område 2. Uttaket i område 1 og 2 vert ikkje ferdigstilt før arbeidet i område 3 er starta opp. Dette for å behalda tilkomstvegen til område 3.
- h. Tilkomstvegen til område 3 vert lagd på austsida og delvis utanfor område 1 og 2 for å unngå å nytta mykje massar på bygging av interne vegar.
- i. Sikringsgjerdet er bygd opp av flyttbare seksjonar og vert i samsvar med driftsplanen frå 2009 tilpassa den aktuelle driftssituasjonen.
- j. Alle installasjonar som arbeidsbrakker, sorteringsverk, knusar mm er av flyttbar type. Knusar og sorteringsverk er plassert slik at ein får mest muleg nytte av terreng og masselager som støydemping.
- k. Då eigaren i liten grad nyttar seg av innleigd personell i produksjonen, vert nytta små og flyttbare brakker og sanitæranlegg.
- l. Om lag halvparten av grovmassane vert levert som mure- eller plastringsstein. Skrotmassane vert for ein stor del omsette som nedknuste massar som pukkk, finpukkk og veggrus. Prøvetaking syner at massane i steinbrotet held god kvalitet.
- m. Kundane er i hovudsak lokale og regionale entreprenørar med eit innslag av offentlege instansar og private aktørar. Til private vert i hovudsak omsett stein til hagemurar og nedknuste massar.
- n. Sprengstofflager som synt på driftsplanen frå 2009 er no på plass som synt på situasjonsplanen.

Etterbruk, avslutning

- o. Etterbruken av området er ikkje teke inn i reguleringsføresegnene i reguleringsplanen då dette var forventa å liggja 15 – 20 år inn i framtida og ein måtte forventa at reguleringsplanen kunne verta oppjustert i løpet av denne tida. I fall oppjustering kan ein forventa at botnnivået i mesteparten av steinbrotet vert liggjande nær cote 205 og/eller ein utviding austover. Med den relativt korte fråstanden til FV 55 og med direkte tilkomst til kommunal veg, ligg tilhøva godt til rette for dei fleste typar småindustri. Det kan også vera aktuelt med mottak av avfallsmassar for nedknusing og eventuelt resirkulering.
- p. Ved avslutning av drifta vert området rydda og klargjort for etterbruk.


Skjolden/Lie juni 2016:





Elias Bolstad
Planleggjar





Rolf Lie
Eigar









<p>0 50 100 150m</p> <p>Målestokk 1 : 5000 ved A4 utskrift Utskriftsdato: 18.06.2016</p>	<p>Markslag (AR5) 13 klasser</p> <p>TEGNFORKLARING</p> <ul style="list-style-type: none"> — Fulldyrka jord ≡ Overflatedyrka jord ≡ Innmarksbeite S Skog av særs høg bonitet H Skog av høg bonitet M Skog av middels bonitet L Skog av lav bonitet i Uproduktiv skog ≡ Myr ≡ Åpen jorddekt fastmark ≡ Åpen grunnlendt fastmark ≡ Bebyggd, samf, vann, bre Ikke klassifisert Sum: 	<p>AREALTALL (DEKAR)</p> <table border="1"> <tr><td>51.5</td><td></td></tr> <tr><td>16.3</td><td></td></tr> <tr><td>15.3</td><td>83.1</td></tr> <tr><td>476.1</td><td></td></tr> <tr><td>63.3</td><td></td></tr> <tr><td>0.2</td><td></td></tr> <tr><td>0.0</td><td></td></tr> <tr><td>4.5</td><td>544.1</td></tr> <tr><td>1.4</td><td></td></tr> <tr><td>27.1</td><td></td></tr> <tr><td>2.1</td><td>30.6</td></tr> <tr><td>4.7</td><td></td></tr> <tr><td>0.0</td><td>4.7</td></tr> <tr><td>662.5</td><td>662.5</td></tr> </table>	51.5		16.3		15.3	83.1	476.1		63.3		0.2		0.0		4.5	544.1	1.4		27.1		2.1	30.6	4.7		0.0	4.7	662.5	662.5	<p>Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for valgt eiendom. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenning. Arealstatistikken viser arealer i dekar for alle teiger på eiendommen. Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.</p> <p>Ajourføringsbehov meldes til kommunen.</p> <p>— Arealressursgrenser</p> <p>□ Eiendomsgrenser</p>
51.5																															
16.3																															
15.3	83.1																														
476.1																															
63.3																															
0.2																															
0.0																															
4.5	544.1																														
1.4																															
27.1																															
2.1	30.6																														
4.7																															
0.0	4.7																														
662.5	662.5																														
<p>GÅRDSKART 1426-123/3</p> <p>Tilknyttede grunneiendommer: 123/3</p>																															
 <p>NIBIO NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI</p>																															




	Steinbrot		Reguleringsgrense
	Masselager		Sikringsgjerd
	Fylling		Installasjonar
	Skjering		
	Interne vegar		


Steinbrot Lie, oversikt situasjonsplan 2016
 Kartgrunnlag 1:1000, ekvidistanse 5 m
 Skjolden juni 2016
 Sivilingeniør Elias Bolstad, 6876 Skjolden








STEINBROT LIE, oversikt profilar 14.08.2009
Kartgrunnlag i M: 1:1000, ekvidistanse: 5 m
Siv. ing. Elias Bolstad, 6876 Skjolden



STEINBROT LIE, oversikt uttekne/attverande massar 2015

Skjolden september 2015, siv. ing. Elias Bolstad





Bilete frå sommaren 2016

Oppdatering driftsplan for Steinbrot Lie

Tillegg/informasjon

Datert: August 2016

Innhald

Omsøkt område for driftskonsesjon.....	side 15
Driftsplan tillegg	side 15
Økonomisk garanti.....	side 16

Førespurnad frå DirMin om tilleggsinformasjon datert 08.07.2016, ref 14/01969-9

Omsøkt område for driftskonsesjon

Det vert synt til reguleringsplankart. Omsøkt område for driftskonsesjon er området på kartet med signatur «steinbrot».

Driftsplan tillegg

- a. **Fjerning av konstruksjonar og opprydding:** Alle installasjonar i steinbrotet som arbeidsbrakker, sorteringsverk, knusar mm er av flyttbar type. Desse kan difor etter bruk fjernast med minimale kostnader. Det vert ikkje lagra omfattande mengder av ferdigvarer i steinbrotet. Skrotmassar vert nedknust og omsett så godt som fortløpande. Ved ein eventuell stogg i drifta vil desse bli omsett som ferdigvarer innan kort tid.
- b. **Massehandtering og arrondering:** Med omsyn til avdekkingsmassane er dei av mindre omfang. Stein vert utsortert og vert nytta i produksjonen. Jordmassane vert enten nytta som jordforbetring på gardsbruket eller lagd til sides for seinare arrondering i steinbrotet. Generelt dreiar det som om avgrensa mengder masse.
- c. **Varig sikring av området:** Dette området er av relativt lite omfang. Hittil har skråningane vorte sikra med 2 m høge «entreprenørgjerde». Etter avslutning av drifta vil toppen av skråningane/skjeringane verta sikra med eit 1,25 m høgt gjerde på toppen. Då området ligg eit typisk «vestlandslandskap» med mange høge naturlege berghamrar, er steinbrotet ikkje etter tiltakshavaren sitt syn ikkje til nokon stort fare for korkje folk eller dyr.
- d. **Planting/tilsåing.** Det vert synt til biletet på framsida av denne utgreiinga. Dette biletet er teke frå den næraste busetnaden til steinbrotet. Det er generelt lite innsyn til steinbrotet. Som det går fram frå biletet er det blanda lauv-/barskog i den næraste omgjevnaden. For ein raskare tilvekst kan det også vera aktuelt å nytta det offentlege sin metode med å sprøyta ei blanding av frø og gjødsel på dei skjeringar/skråningar som ikkje er vertikale.
- q. **Upårekna eller indirekte kostnader.** Eigaren kan ikkje sjå at ein avslutning av drifta vil ha store uføresette kostnader. Området vil i hovudsak bestå av eit planert område som utan store ekstra kostnader på nyttast til mange føremål. Etterbruken har difor eit vesentleg inntektspotensiale for eigaren.


Økonomisk garenti

Då dette er eit relativt lite steinbrot med eit årleg uttak av masse på 5-10 000 m³, meiner tiltakshavaren at ei økonomisk sikkerheit sjølv på eit nivå på kr 300 000 er for høgt. Lagra overskots-massar er på eit minimum, då desse vert knust til pukk/grus og omsett etter kvart. Dei einaste overskotsmassane som vert lagra over noko tid er

dei som vert nytta til intern vegbygging. Bakveggen i brotet ligg til ei kvar innanfor dei grensene som er oppgitt i «prinsippsskisse for endeleg vegg i dagbrudd». Kostnaden med permanent sikringsgjerde vil maksimalt liggja på 20 000 kr.

Oppryddingsarbeidet vert då å planera ut dei overskotsmassane som er nytta til intern vegbygging. Desse ligg i området 2000-2500 m³ lause massar. Tiltakshavar meiner at utplanering av massar nytta til intern vegbygging og opprydding kan gjerast innanfor ei økonomisk råde på maksimalt kr 100 000. På denne typen steinbrot bør ei eventuell innbetaling kr 1/T vera tilstrekkeleg. Dette vil tilsvare ca kr 15 000/år som det kan stillast bankgaranti for.

Skjolden/Lie august 2016:




Elias Bolstad
Planleggjar



Rolf Lie
Eigar


Vedlegg: Reguleringsplankart (vert ikkje lagd ved dette dokumentet)



TEIKNFORKLARING

PBL § 25 REGULERINGSMÅL

BYGGEOMRÅDER
(PBL § 25 1.ledd nr.1)



LANDBRUKSOMRÅDER

(PBL § 25 1.ledd nr.2)

Jordbruk

OFFENTLIGE TRAFIKKOMRÅDER

(PBL § 25 1.ledd nr.3)



FAREOMRÅDER

(PBL § 25 1.ledd nr.5)

Fareområde - høge skjæringer

SPESIALOMRÅDER

(PBL § 25 1.ledd nr.6)

Steinbrot

Randsone mot Dalselva

Privat veg

FELLESOMRÅDER (PBL § 25 1.ledd nr.7)



STREKSAMBOL MV.

- Eksisterende vegsituasjon
- Planavgrensning
- Formålsgrense
- Feltavgrensning
- Regulert tomtegrense
- Regulert senterlinje veg
- Frisiktslinje i vegkryss
- Avkjørsle
- Omriss av eksisterende og planlagde bygg som inngår i planen
- Bygg som er planlagt fjerna

Kartgrunnlag i M: 1:1 000

Ekvidistans: 5 m

Kartmålestokk: 1:1500



REGULERINGSPLAN STEINBROT LIE

Luster
kommune

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER
DATERT 10 mai 2006

Kartblad:
Kartprodusent:

SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

SAKS-NR.	DATO	SIGN.

Revisjon

Kommunestyret sitt vedtak:

- 3. gangs handsaming i det faste utvalget for plansaker
- Offentleg ettersyn fråtil
- 2. gangs handsaming i det faste utvalget for plansaker
- Offentlig ettersyn fra til
- 1. gangs handsaming i det faste utvalget for plansaker
- Vedtaket oppstart av planarbeidet

0035/06	14.06.06	MAR
0058/05	12.10.05	MAR

PLANEN ER UTARBEIDA AV: Elias Bolstad

PLANID.	TEGNR.	SAKSBEH.
2006-02		MAR



Luster Kommune



Reguleringsplan for Steinbrot Lie

Planomtale og føresegner

Datert: 10.05.2006

Til 2. gongs handsaming

Vedtak: Kommunestyret, sak

Sivilingeniør Elias Bolstad, 6876 Skjolden

Innhold

{ TOC \o "1-3" \h \z \u }

Sakshandsaming

Oppstart av planarbeid:		23.02.06
1. gongs handsaming i FUP Utlegging til offentleg ettersyn:	FUP sak nr.	
Offentleg ettersyn i perioden :		
2. gongs handsaming i FUP Handsaming av innkomne merknader:	FUP sak nr.	
Eigengodkjenning av kommunestyret:	KOM sak nr.	
Arkivsak K2000:		
<u>Endringar:</u>	FUP sak nr.	

Innkomne merknader til planoppstart

Planarbeidet vart annonsert i Sogn Avis den 23.02.06. Naboar og motbuarar nemnde under vart varsla med eige brev datert 14.02.06 om oppstart av planarbeid og nabovarsel vedkomande byggesøknaden om drifta av steinbrotet. Dei offentlege høyringsinstansane er tilskrivne med eige brev.

Grunneigarar/naboar:

Gnr/bnr: 121/5 Ervin Morken, 6873 Marifjøra
Gnr/bnr: 113/6 Berit Kjos Melheim og Dagfinn Kjos, 6873 Marifjøra
Gnr/bnr: 113/13 Johannes O Melheim, 6873 Marifjøra
Gnr/bnr: 123/1 Steinar Schanke, 6873 Marifjøra
Gnr/bnr: 124/2 Leon Lunde, 6873 Marifjøra

Offentlege høyringsinstansar:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Regionavdelinga
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga
Bergvesenet
Norges vassdrags- og energidirektorat
Luster Energiverk

Frist for å koma med merknader var sett til 26.03.06. Det har kome inn følgjande merknader til planoppstart (kommentar er skrive i kursiv):

1. Steinar Schanke og Per Schanke, datert 25.03.06:

- Viktig med etablering av støyskjerming mot deira eigedom og vonar at aktiviteten i steinbrotet mest mogeleg vert lagd til vanleg arbeidstid.
- *Det vert synt til § 5 i reguleringsføresegnene som omhandlar støy frå verksemda.*

2. Norges vassdrags- og energidirektorat, datert 24.02.06.:

- Ettersom planområdet grensar til vassdrag vert det gjort spesielt merksam på at arealet nærast elva bør regulerast med tanke på å oppretthalda naturleg kantvegetasjon som ein buffer mellom tiltaksområdet og vassdraget.
- *Tilhøvet i randsona mot Dalselva er teke inn i §3 i reguleringsføresegnene under det relevante avsnittet. Då dette området frå før av var eit barskogområde der trea delvis er felt som ein del av prøvedrifta, kan dette ynsket ikkje imøtekomast. Men den innregulerte randsona vil saman med tilsåinga av skråninga syta for etablering av ny kantvegetasjon.*

3. Bergvesenet, datert 10.03.06:

- Bergvesenet føreslår at denne formuleringa vert teken inn i reguleringsføresegnene. "Drifta skal følgje ein driftsplan godkjend av Bergvesenet (eventuelt i samarbeid med kommunen). Driftsplanen skal utarbeidast etter dei krava Bergvesenet set til slike planar og etter dei krava som vert sett i reguleringsplanen. Driftsplanen skal normalt ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med Bergvesenet. Bergvesenet fører tilsyn med at drifta skjer i samsvar med driftsplanen."
- *Det vert synt til planomtalen. Merknaden frå Bergvesenet er omtala her. Bergvesenet sine prinsippeteikningar for dagbrot vil verta innarbeidde i driftsplanen.*

4. Sogn og Fjordane Fylkeskommune, datert 28.02.06:

- Områdestorleiken tilseier at det ikkje er naudsynleg med konsekvensanalyse (kan krevjast med større areal enn 50 da). Ber om vurdering om arealet er stort nok for framtidig drift. Plassering av skrotstein må visast i reguleringsplanen. Etterbruken skal omtalast, det bør setjast av eit grønt belte mot Dalselva og sikringstiltak må etablerast. Det må utarbeidast driftsplan.
- *Driftsplankravet er omtala under kommentaren til Bergvesenet sin merknad. Dersom kravet om å syna plassering av massar under anleggsarbeidet skal ivaretakast, må dette føremålet gjerast dynamisk dvs. at føremålet seinare går over til permanente føremål. Med så avgrensa område som dette finn ein det upraktisk. Både kravet om sikring og avsetting av grønt belte mot Dalselva vert ivareteke i reguleringsplanen. Etterbruken av området er ikkje handsama spesielt i føresegnene, men er nemnd i planomtalen.*

5. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, datert 27.03.06:

- Kommunen bør vurdere om det er naudsynleg med støyberekningar/målingar. Det bør stillast krav i reguleringsføresegnene om at naturtilstanden i Dalselva så langt som råd vert gjenoppretta. Det må krevjast ei best mogeleg landskapstilpassing både under drifta og etter avslutta drift.
- *Det har vore drive fullskala prøvedrift frå 1997 også med nedknusing av massar utan at naboar eller andre har hatt merknader til drifta. Elles vert synt til kommentar til merknad nr. 1 frå naboar. Med omsyn til tilhøvet mot Dalselva vert dette ivareteke i §5.3 i reguleringsføresegnene. Elles vert den landskapsmessige tilpassinga ivareteken ved å nytta Bergvesenet sine prinsippeteikningar for dagbrot og utarbeiding av og ajourføring av driftsplanen.*

Innkomne merknader ved 1.gongs høyring

Det faste utvalet for plansaker, FUP, vedtok i møte 14.06.06, sak 0035/06, å leggje framlegg til reguleringsplan for Steinbrot Lie på Indre Hafslo ut til offentleg ettersyn. Planframlegget låg ute til ettersyn i tida 08.07.06 – 20.08.06, og det kom inn inn 5 fråsegner/merknader. Av desse hadde Kommunelege I/Helsesjef i Luster kommune, ei vesentleg merknad til planen.

- Brev av 27.07.06 frå Kommunelege I/Helsesjef i Luster kommune. Kommunelegen viser til at støy er eit aukande samfunnsproblem og er med på å gje dårleg helse for dei som vert råka. Med heimel i Lov om helsetjenesten i kommunene § 4a 1-2, krev kommunelegen at det skal gjerast støyberekning før arealplanen vert ferdighandsama. Berekninga vil gje grunnlag for val av moglege restriksjonar i drift/val av støyskjerming med meir.
- *Som følge av merknaden til kommunelegen, har tiltakshavar utført støyvurdering av steinbrotet. Kjelde Akustikk AS har berekna og vurdert støy frå drifta av steinbrotet i Rapport 3493-1. Tilrådingar som følge av støyvurderinga er innarbeida i planføresegnene.*

Planomtale for Steinbrot Lie

Prøvedrift

Rolf Lie har dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Luster kommune i medhald av PBL§7 for fullskala prøvedrift av steinbrot på gnr 123 bnr 3.

Dispensasjonen er gitt fram til 15.10.2006 under føresetnad av at det innan dette tidpunktet føreligg godkjend reguleringsplan for området og at det er levert byggesøknad med plan for drifta.

Krav om driftsplan

- a. Bergvesenet har i si førehandsfråsegn kravd driftsplan som skal godkjennast av Bergvesenet (evt. i samarbeid med kommunen). Driftsplanen skal utarbeidast etter dei krava Bergvesenet set for slike planar og etter dei krava som vert sett i reguleringsplanen.
- b. Driftsplanen skal normalt ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med Bergvesenet.
- c. Bergvesenet føret tilsyn med at drifta skjer i samsvar med driftsplanen

Driftsomtale

- d. Då det er avgrensa djupn på humuslaget i størstedelen av området, vert det også avgrensa mengder avdekkingsmassar. Overskotsmassane utover bruken innanfor planområdet skal fjernast og skal nyttast som jordforbetring på eigaren sine jordbruksareal.
- e. Ut frå ei marknadsvurdering etter prøvedrifta meiner Rolf Lie det er aktuelt med eit årleg uttak av 5 – 10 000 m³ fast masse kvart år framover.
- f. I område 1 er frakta bort vel 33 000 m³ fast masse under prøvedrifta. Det gjenstår om lag 63 000 m³ fast masse på dette nivået noko som tilvarar minimum 6 års drift.
- g. Område 2 er ikkje i særleg utstrekning berørt av prøvedrifta. På dette nivået kan takast ut om lag 64 000 m³ fast masse.
- h. Område 3 er ikkje berørt av prøvedrifta. På dette nivået kan takast ut om lag 51 000 m³ fast masse.

Støy

- i. Generande støy for omgjevnaden er i første rekke støy frå nedknusing av stein.
- j. Knuseverket skal plasserast slik at terrenget sin naturlege støydemping vert nytta.
- k. Knusing skal i størst muleg grad føregå i vanleg arbeidstid.
- l. Boring, sprenging og trafikk er mindre generande, men den mest støyande aktiviteten frå desse arbeida skal også gå føre seg i vanleg arbeidstid.

Kjelde Akustikk AS har berekna og vurdert støy frå drifta av steinbrotet i Rapport 3493-1 (arkivnr. 06/01914). Berekna støy er vurdert opp mot gjeldande regelverk, og det er føresett ein vel 30 m lang og 7 m høg voll av skrotstein nord for knusaren for å redusere støyen. Retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, er lagt til grunn. Retningslina rår til at det vert vist to støysoner rundt viktige

støykjelder, ei gul vurderingssone og ei raud restriktiv sone. Støybelastning tilsvarande gul sone utafor bustader og fritidsbustader er tilrådd som grense for etablering av ny verksemd. Det ligg ingen bygningar innafor gul støysone til steinbrot Lie, og føresett støyvoll som nemnt over, vil drifta stetta krava i planretningsline T-1442. (Rapport følgjer som vedlegg.)

Etterbruk

m. Etterbruken av området er ikkje teke som ein del av reguleringsføresegnene på grunn av at dette sannsynlegvis ligg bortimot 20 år inn i framtida. Men generelt sett er slika planerte område godt eigna for til dømes småindustri, lagerplass og liknande.

Arealbruk i reguleringsplanen

Spesialområde	Steinbrot Randsone mot Dalselva Privat avkøyrse	25,4 daa 1,2 daa
Landbruksområde	Landbruk	10,8 daa
Fareområde	Høge skjeringar	1,6 daa
Totalt (ca tal):		40,0 daa

Frisiktsone er ikkje med i arealoversikten då føremålet ligg skravert over andre føremål.

Reguleringsføresegner for Steinbrot Lie

§ 1 Avgrensing

Planområdet er vist med avgrensing på plankart dagsett 10.05.06 teikning nr. 001. Føresegnene gjeld innanfor desse grensene og er juridisk bindande.

§ 2 Føremål

Området skal nyttast til:

Spesialområde	Steinbrot, frisisiktsone, privat avkøyrslø, randsone mot Dalselva
Fareområde	Høge skjeringar
Landbruksområde	Landbruk

§ 3 Spesialområde

Steinbrot

1. Generelt

- Drifta skal følgje ein driftsplan godkjend av Bergvesenet i samarbeid med kommunen. Driftsplanen skal utarbeidast etter krava Bergvesenet set til slike planar og etter dei krava som vert sett i reguleringsplanen. Driftsplanen skal normalt ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med Bergvesenet. Bergvesenet skal føre tilsyn med at drifta skjer i samsvar med reguleringsplanen.
- Jordmassane skal nyttast til dekking av skråninga mot Dalselva. Eventuelle overskotsmassar skal fjernast frå området.
- Knuseverket skal plasserast slik at terrenget sin naturlege støydemping vert nytta. Det skal i tillegg etablerast ein vel 30 m lang og 7 m høg voll av skrotstein nord for knusaren for å redusere støyen.
- Aktiviteten i steinbrotet skal tilpassast følgjande tider: Sprengingsarbeid kan føregå måndag – fredag i tida mellom kl. 07.00 – 16.00. Øvrig produksjon kan føregå måndag – fredag i tida mellom kl. 07.00 – 18.00. Uttransportering er tillate utover desse tidene.

2. Område 1, kt 206,5, med fylling mot Dalselva

- a. Knausen mot nord skal stå att som støyskjerm til massane i dette området er tekne ut.
- b. I dette området kan byggjast naudsynlege lagerbygg, arbeidsbrakker og knuseverk.
- c. Det skal kunne nyttast flyttbare bygningar for lagring av utstyr og materiell.
- d. Knuseverk skal plasserast bak den naturlege støyskjermen nemnd i punkt 1.a. Nedknusingsmassar skal lagrast i dette området.
- e. Det skal søkjast om byggjeløyve for oppføring av bygningane.
- f. Naturlege fjellknausar mot elva skal stå urørde.
- g. Fyllinga skal, der det høver med terrenget, dekkast med jordmassar og såast til.
- h. Fyllinga mot elva skal vera istandsett før ein kan starte uttak i område 2.

3. Område 2, kt 214,5

- a. Det skal kunna mellomlagrast massar i dette området.
- b. Vegtilkomsten til dette nivået skal kunna byggjast opp av overskotsmasse og leggjast inntil pallen mellom nivåa.

4. Område 3, kt 222,5

- a. Det skal kunna mellomlagrast massar i dette området.
- b. Vegtilkomsten kan byggjast som ein kombinasjon mellom oppbygging ved overskotsmassar og sprenging i pallen.

Frisiktsone

- a. Det skal ikkje etablerast vegetasjon eller setjast opp innretingar som er høgare enn 0,75 meter over vegbana innafor denne sona.
- b. Einskildstolpar og oppstamma tre kan tillatast.

Privat avkøyrslé

- a. Vegen skal nyttast som tilkomst til steinbrotet. Avkøyrsla skal utformast som vist på plankartet.

Randsone mot vassdrag

- a. Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad bevarast og skjøttast for å sikra eit vegetasjonsbelte mellom steinbrotet og Dalselva.
- b. Fyllingsfoten mot Dalselva skal utformast slik at flaumfaren for naboeigedomane ikkje vert auka.


§ 4 Landbruksområde

- a. Planen omfattar berre den delen av jordbruksområdet som ligg mellom plangrense og regulert steinbrot.

§ 5 Fareområde

- a. I denne sona skal det monterast permanent sikringsgjerde.
- b. Sikringsgjerdet skal vera 2 meter høgt og byggjast som vist på plankartet.
- c. Området skal vera stengt med låsbar port utanom arbeidstida.

Reguleringsplan, teikning som illustrasjon



Rolf Lie, steinbrot på gnr 123 bnr 3 i Luster
Reguleringsplan Lie 001, målestokk 1 : 2000, 10.05.2006
Sivilingeniør Elias Bolstad, 6876 Skjolden

Vedlegg